


**klaus sande / HARDINGFELE**



hardingfelespel frå vik



**KLAUS SANDE / 1888-1963**

■ ■ ■ Klaus Sande var fødd den 26.juni 1888 på garden Sande ved Ortevik, Kyrkjebø (no Høyanger). Far var Lars Øysteinsson Sande (1854–1929) og mor var Marta Klausdotter Sande f. Nesse (1860–1928), og ungeflokken deira talde 7 born. I 1902, då Klaus var 14 år, flytte familien Sande til Nessane i Vik (no Balestrand), der Lars hadde kjøpt gardsbruket etter brot til kona Marta.

Klaus heldt fram med å bu på Nessane heile sitt liv, og i voksen alder dreiv han bruket i lag med tre av søskena: Eivind, Øystein og Anna. Dei dreiv tradisjonelt jordbruk med husdyrhald, og i tillegg dyrka dei frukt.

Klaus kom frå ei slekt der musikken og songen var høgt verdsett, både på mors- og farssida hadde der vore spelemenn og songarar. Far til Klaus, Lars, var ein kjend spelemann, og Klaus fekk lære dei første tonane på fela av han.

I heimen på Nessane sytte Klaus for musikk kvar einaste dag. Han sat i stova eller på kammerset og spelte for den som ville høre, og kom det gjester var han ikkje sein om å finne fram fela. På kammer-set sat han også mykje og ordna på dei mange felene sine, der nokre også var sjølvlagda.

Klaus var både spelemann og kulturpersonleg-dom. Og i nærmiljøet var han kjend for sin svært så slåande og kjappe replikk, og sine gode historier.

Klaus gjekk bort 29.desember 1963.

## SPELEMANN OG KULTURPERSONLEGDOM

Klaus var ikkje berre spelemann, men også ein kultur-personlegdom i sitt nærmiljø. Ofte spelte han i bryllaup, og somme tider var han også kjøkemeister

■ ■ ■ Klaus Sande was born July 26, 1888, on the Sande farm at Ortevik, Kyrkjebø (now Høyanger). His parents were Lars Øysteinsson Sande (1854–1929) and Marta Klausdotter Sande, born Nesse (1860–1928), and the family had seven children. In 1902, when Klaus was 14 years old, the family moved to Nessane in Vik (now Balestrand), where Lars had bought Marta's brother's farm.

Klaus lived at Nessane the rest of his life, and in his adult years he operated the farm together with three of his siblings, Eivind, Øystein, and Anna. They carried on traditional farming with livestock and also grew fruit.

Klaus came from a family that highly appreciated music and song. There had been fiddlers and singers on both his mother's side and his father's side. Klaus's father, Lars Sande, was a well-known fiddler, and Klaus learned his first fiddle tunes from him.

At home at Nessane Klaus played music every day. He sat in the living room or the small side room and played for those who wanted to hear. If guests came, it wasn't long before he took out his fiddle. In the side room he also worked on his many fiddles, some of which he had made himself.

Klaus was both fiddler and cultural personality. In his local environs he was known for his exceptionally witty repartee and his good stories.

Klaus died December 29, 1963.

## FIDDLER AND CULTURAL PERSONALITY

Klaus was not only a fiddler but also a cultural personality in his local society. He often played at weddings, where sometimes he was also the master

der. Han likte å syngje og deklamere dikt, spesielt etter farbroren Olav Sande (1850–1927), diktar og innsamlar av vokal folkemusikk. Og han skapte stor underhaldning med sine gode historier.

Ei tid reiste Klaus rundt og heldt konsertar, særleg i Sogn. Der vitja han mellom anna Luster, Øvre Årdal, Jostedal, Sogndal, Kyrkjebø, og Høyanger. Etter ein konsert stod det å lese i avisra: «Ein hugnadsam kveld hadde me på Kyrkjebø. Felespelaren Sande er no ein av Sogns beste spelemenn, ja kann eg trygt segja den beste. Det var reint ein hugnad å få høyrá det kvikke og reine spelet hans – og den fine teknik han hadde var sjeldsyn». Fulle hus og gode konsertkritikkar viser at Klaus var ein godt omtykt spelemann og underhaldar.

Klaus samarbeidde også med andre musikkar og dansarar på konsertferdene sine. På turnéen i Sogn hadde han med seg hallingdansaren Jakob M. Botnen (1890–1982) frå Kvam. Klaus heldt også ein del konsertar saman med hardingfelespelaaren Halvor Braathen (ca. 1890–1950) frå Jondalen.

Klaus var fleire gongar i Bergen der han spelte for dei ulike bygdelaga, og av Sognelaget fekk Klaus pokal og heiderstittel som «beste spelemann på hardingfele frå Sogn». I Bergen møtte Klaus spelemann som Jon Rosenlid (1891–1974) frå Fjelli, Stryn, og Lorentz Hop (1887–1954) frå Fana, Bergen.

## SLÄTTANE OG SPELET

Klaus sin viktigaste lærermester var faren Lars, og dei fleste slättane fekk han denne vegen. Lars var ein god spelemann, og han hadde lært spel av mange ulike spelemenn. Jens Høgheim (1817–1886), «Skrangle-Jens» eller «Byggjar-Jens»,

of ceremonies. He liked to sing and recite poetry, especially that of his uncle Olav Sande (1850–1927), a poet and collector of vocal folk music. And he was a great entertainer with his stories and anecdotes.

For a time Klaus made concert tours, especially in Sogn, where his visits included Luster, Øvre Årdal, Jostedal, Sogndal, Kyrkjebø, and Høyanger. After one concert, a newspaper reported, "A delightful evening we had at Kyrkjebø. The fiddler Sande is now one of Sogn's best fiddlers, yes, I can safely say the best. It was pure delight to hear his lively and clear playing—and the fine technique he had is rare." Full houses and good reviews show that Klaus was a highly regarded fiddler and entertainer.

Klaus worked together with other musicians and dancers on his concert tours. In Sogn the halling dancer Jakob M. Botnen (1890–1982), from Kvam, was with him. Klaus also had a number of concerts with the hardingfele player Halvor Braathen (ca. 1890–1950), from Jondalen.

Klaus was in Bergen several times, where he played for various associations of people from rural districts. The Sogn association gave Klaus a prize and the title of honor as "the best hardingfele player from Sogn." In Bergen Klaus met fiddlers such as Jon Rosenlid (1891–1974), from Fjelli, Stryn; and Lorentz Hop (1887–1954), from Fana, Bergen.

## THE TUNES AND THE PLAYING

Klaus's most important teacher was his father, Lars, from whom he got most of his tunes. Lars was a good fiddler and had learned from many different fiddlers. Jens Høgheim (1817–1886), called "Skrangle-Jens" or "Byggjar-Jens" (Bony Jens or



Fam. Lars Sande.



Stram kar.

storspelar frå Fresvik, Leikanger (no Vik), som hadde lært spel i både i Hallingdal og Valdres, var ei viktig kjelde for Lars. Men blant lærermestrane finn ein også meir lokale namn som t.d. Anders Sagen (1829–1922) frå Vik (no Balestrand), Sjur H. Berge (1848–1931) og Anders M. Dyrdal (1816–1894), begge frå Kyrkjebø (no Høyanger).

Ved siden av faren var det vossingen Ola Mosafinn (1828–1912) som kom til å få mest å seie for spelet til Klaus. Då han avtente militærtenesta si på Voss kom han truleg i kontakt med Mosafinn, og ved seinare høve var han heime hjå Mosafinn på Bulken og lærde spel ei tid. Klaus lærde også noko spel av Arne Bjørndal (1882–1965) frå Hosanger/Bergen og bytte slåttar med Olaf Sperle (1900–1971) frå Jostedal.

På repertoaret til Klaus er både bygdedans- og runddansmusikken representert. Blant dei innspelte slåttane er det springarane som tel flest, men ein finn også dei todelte slåttetypene i form av halling/laus, rull, gangar og brureslått. Av runddansslåttar finn ein vals og reinlender.

Størsteparten av dei innspelte slåttane går på vanleg stille (a-d-a-e), men det førekjem også nokre få på låg bass (g-d-a-e). Ein av dei innspelte slåttane går på eit svært uvanleg felestille, c-e-a-e, og ein kjenner berre til to slåttar på dette stilset. Den eine er «Tåran i troppe» komponert av Torkjell Haugerud (1876–1954) frå Bø/Seljord, og den andre er «Gygri frå Trollebotn» spelt av Klaus.

Slåttane og spelet etter Klaus representerer eit interessant vegskilje der ei gammal spelemannsarf fra Sogn møter eit meir moderne spel i samtidia. Klaus utfordrar på mange måtar det gamle

Builder Jens), great fiddler from Fresvik, Leikanger (now Vik), who had learned fiddling in both Hallingdal and Valdres, was an important source for Lars. But among his teachers one also finds more local names, for example, Anders Sagen (1829–1922), from Vik (now Balestrand); and Sjur H. Berge (1848–1931) and Anders M. Dyrdal (1816–1894), both from Kyrkjebø (now Høyanger).

Besides his father, the Voss fiddler Ola Mosafinn (1828–1912) was the most important source for Klaus's playing. When Klaus served in military duty in Voss he likely came in contact with Mosafinn, and on later occasions he was at Mosafinn's home at Bulken and learned tunes. Klaus also learned from Arne Bjørndal (1882–1965), from Hosanger/Bergen, and exchanged tunes with Olaf Sperle (1900–1971), from Jostedal.

Rural-dance tunes and old-time dance music are both represented in Klaus's repertory. Most of the tunes on this recording are springars (in 3/4 time), but there are also the double-time halling, rull, gangar, and wedding tunes. Old-time tunes include a waltz and a reinlender (schottische). Most of the tunes are in the usual hardingfele tuning (a-d-a-e), but a few are in low bass (g-d-a-e). One is in the unusual fiddle tuning c-e-a-e, in which there are only two known tunes. One is "Tåran i troppe," made by Torkjell Haugerud (1876–1954), from Bø/Seljord, and the other is "Gygri frå Trollebotn," played by Klaus.

Klaus's tunes and his playing represent an interesting crossroad where the old fiddling tradition from Sogn meets a more modern form. Klaus challenges the old Sogn playing while at the same time he also



Klaus i godt selskap.



sognespelet idet han frigjer seg frå ei relativt enkel og klår slåtteoppbygging. Dette gjer han ved å improvisere over eksisterande slåttetema i tillegg til å byggje ut og setje saman slåttar. Med ein utprega sans for dei små detaljane, tilfører Klaus noko personleg og annleis, sjølv til dei slåttane som i dag hører til eit slags standardisert fellesrepertoar.

Mykje av slåttematerialet Klaus har etter Mosafinn er prega av eit noko lyrisk einstrestengsspel, og ei litt «mild» form for vibrato ser ut til å vere ein naturleg del av toneideal til Klaus. På dei tradisjonelle sogneslåttane han har etter faren, spelar han stort sett tostrestengsspel, og med eit nokså røft uttrykk. Melodilinja Klaus utformar er rikeleg utsmykket med ornamentikk i form av ulike trillar og føreslag. Klaus sin måte å bruke ornamentikken på viser tydeleg at han har blitt inspirert av spel frå andre landsluter, kanskje særlig frå Voss.

Det varierte repertoaret til Klaus viser at han på mange måtar må ha kjent ein slags fridom til å velje den musikken han likte best. Han mestrar både de faste dansetaka i dei karakteristiske sogneslåttane og den meir frie, lyriske måten å spele på i slåttane han har fått andre stadar frå.

«Dei var glade i song og musikk, og tykte godt om det som var vakrast.»

Klaus i brev til Arne Bjørndal, 2.januar 1959.

## INNSPELINGANE

Ein kjenner til at det er gjort 64 opptak der Klaus spelar. Alle opptaka var gjort då Klaus var godt opp i åra, men det er likevel ein rimeleg sprek spelmenn ein får høre. Arne Bjørndal (1882-1965) står bak dei fleste opptaka, og i 1961 gjorde han

liberates himself from a relatively simple and clear tune structure. He does this by improvising on existing melody themes in addition to developing and putting together tunes. With a pronounced sense for small details, Klaus brings in something personal and different, even to the tunes that belong to today's standardized common repertory.

Much of the material Klaus has from Mosafinn is characterized by a somewhat lyrical single-string playing, and mild vibrato seems to be a natural part of Klaus's tone ideal. In the traditional Sogn tunes from his father, Klaus plays mainly on two strings and with a rather rough expression. The melody lines Klaus formulates are embellished with ornamentation that shows he has been inspired by playing from other parts of the country, especially Voss.

Klaus's varied repertory shows he must have had the freedom to choose the music he liked best. He mastered both the steady dance rhythm in the characteristic Sogn tunes as well as the more free, lyrical way of playing tunes from other places.

“They were fond of the song and music, and liked what was most beautiful.”

Klaus in a letter to Arne Bjørndal, January 2, 1959.

## THE RECORDINGS

We know that there are 64 recordings of Klaus's playing. All recordings were made when he was well up in years, but nevertheless we get to hear a reasonably spry fiddler. Arne Bjørndal (1882-1965) was behind most of the recordings, and in 1961 he recorded 34 tunes played by the 73-year-old Klaus. This wasn't Bjørndal's first contact with Sande music.







innspelingar av 34 slåttar spelt av ein 73 år gammal Klaus. Det var ikkje første gong Bjørndal hadde med Sande-musikken å gjøre. Allereie i 1916 var han på vitjing i Sogn og gjorde då notenedteikningar av 14 slåttar etter far til Klaus, Lars Sande.

Ein slektning av Klaus, Oddvar Eikelund (1926–2001), gjorde opptak av 24 slåttar i ca. 1960. Elles fins det også nokre små opptaksseriar i privat eige hjå ulike personar.

Det er eit utval av slåttane Arne Bjørndal og Oddvar Eikelund gjorde opptak av som er presentert på denne plata.

/Synnøve S. Bjørset

In 1916, while on a visit in Sogn, he made notations of 14 tunes after Klaus's father, Lars Sande. Oddvar Eikelund (1926–2001), a relative of Klaus's, made recordings of 24 tunes in approximately 1960. There are also some small series of recordings in private ownership. This CD presents a selection of the tunes from the recordings Arne Bjørndal and Oddvar Eikelund made of Klaus Sande.

/Synnøve S. Bjørset

**SLÄTTEOMTÅLE**

01. Stemmesmiten, springar. Notenedskrifter Arne Bjørndal (1882–1965) gjorde etter Lars Sande (1854–1929) i 1916 viser at Klaus her har sett saman to slåttar etter faren.  
Felestille: a-d-a-e
02. Høgaloftet, springar e. Lars Sande. Arne Bjørndal skreiv ned slåtten etter Lars Sande i 1916.  
Felestille: a-d-a-e
03. Snunane, springar e. Lars Sande. Arne Bjørndal skreiv ned slåtten etter Lars Sande i 1916. Høy Ola Grihamar spele «Jentudn små som på bryggja stå» på TA7CD.  
Felestille: a-d-a-e
04. Kvileholla, springar e. Lars Sande. Bjørndal skreiv ned slåtten etter Lars Sande i 1916. Sande hadde lært slåtten av Anders M. Dyrdal (1816–1894), Kyrkjebø (no Høyanger), i 1890-åra.  
Felestille: a-d-a-e
05. Semjarslåtten, springar. Notenedskrifter Arne Bjørndal gjorde etter Lars Sande i 1916 viser at Klaus har sett saman og bygd ut to slåttar etter faren.  
Felestille: g-d-a-e
06. Ein golo gut, rull e. Ola Mosafinn (1828–1918), Voss. Slåtten er ei form av «Hjerki Haukeland» som skal vere dikta av Øystein Luraas (1785–1832), Tinn.  
Felestille: a-d-a-e
07. Gygri frå Trollebotn, springar.  
Felestille: c-e-a-e
08. Høganklett, laus e. Lars Sande.  
Felestille: a-d-a-e
09. Rundevabben, springar e. Lars Sande. Arne Bjørndal skreiv ned slåtten etter Lars Sande i 1916.  
Felestille: a-d-a-e
10. Røysekatten, laus e. Lars Sande.  
Felestille: a-d-a-e

11. Roesverkjen, rull e. Ola Mosafinn, Voss.  
Felestille: a-d-a-e
12. Store Vettle-Per, springar.  
Felestille: a-d-a-e
13. Hildalan, gangar e. Ola Mosafinn, Voss.  
Felestille: a-d-a-e
14. Vossabruri, rull e. Ola Mosafinn, Voss.  
Felestille: a-d-a-e
15. Sandsbotnen, springar e. Lars Sande. Arne Bjørndal skrev ned slåtten etter Lars Sande i 1916. Sande hadde lært slåtten av Ola Osland frå Lavik, Kyrkjebo (no Høyanger), i 1880-åra. Osland hadde truleg slåtten frå Jens Høgheim (1817–1886) frå Fresvik, Leikanger (no Vik).  
Felestille: a-d-a-e
16. Garbogen, laus e. Lars Sande. Slåtten er ei form av den kjende Valdres-hallingen «Lea deg, lea deg, gamle Ola».  
Felestille: a-d-a-e
17. Halling e. Ola Mosafinn, Voss. Slåtten er mest kjend som «Gangar e. Knut Dahle» (1834–1921), Tinn.  
Felestille: a-d-a-e
18. Hei so dansa jente mi, springar. Hør Sigurd Eldegard spele slåtten på TA4CD.  
Felestille: a-d-a-e

Klaus sette namn på mange av slåttane sine sjølv. Særleg dei han hadde etter faren Lars.

**Prosjektleiing:** Synnøve S. Bjørset **Opptak:** Arne Bjørndal 1961 og Oddvar Eikelund ca.1960 **Mastering og produksjon:** Lindberg Lyd AS **Engelsk omsetjing:** Mary Hegge **Grafisk formgjeving:** Eva Karlson **Økonomisk stønad:** Norsk kulturfond, Rådet for folkemusikk og folkedans, Statkraft, Balestrand kommune, Vik kommune, Høyanger kommune, Sogn spel- og dansarlag **Takk til:** Liv Sande for god hjelp, informasjon, og utlån av biletar, Dagny Eikelund for utlån av opptak, Svein Skjerdal og Håkon Högemo for informasjon.

